



Norges
Cykleforbund

INVITASJON



NCF NM TRIAL, 23. MAI

NCF NORGESCUP 1, 24. MAI

NORHEIMSUND, HARDANGER

HARDANGER SYKKELKLUBB OG KBT

INTERSPORT
SPORT TO THE PEOPLE

CRAFT :: Škoda

PowerBar
trenergi.no

Multi
consult

Hardanger Sykkelklubb og KBT har gleda av å invitere deg til NM og sesongstart i noregscupen. Begge ritta vert arrangert i Norheimsund i vakre Hardanger. Området vil vere heilt nytt for arrangementet, og truleg den raaeste trialparken i landet.

1. STAD

Arenaen ligg i Norheimsund, på grusbanen på Haugamyrane. Følgje skilting frå sentrum.

Arenaen ligg omlag 800 m frå sentrum og alle dei fasilitetane ein finn der (inkl. hotell).

Adresse: Haugamyrvegen 85, 5600 Norheimsund.

GPS-koordinatar: 60.368051, 6.140934

2. KLASSAR

Nybyrjar, vidarekomen, ekspert og elite. Valfri hjulstorleik i alle klassar.

Ein vel klasse på bakgrunn av eige nivå.

3. LISENS

Heilårslisens, mogleg med eingongslisens for alle klassar utanom elite. Eingongslisensen kostar frå kr. 50,- til 150,-, avhengig av alder. Betaling med kort eller kontant (helst kort). Heilårslisensen må visast fram ved registrering.

Anbefaler alle å løyse heilårslisens, dette koster fra kr. 0,- til 800,- avhengig av alder og dekningsgrad. Med heilårslisens har du forsikring under all trening og konkurrering heile året.

4. SEKSJONAR OG RUNDAR

Fem seksjonar og tre rundar for alle klassar.

Seksjonane må syklast i kronologisk rekkjefølgje, frå 1-5.

Nytt poengkort kvar runde.

5. TOTALTID OG RESTTID

1 time og 45 minutt totaltid med 30 minutt resttid. Totaltida kan bli utvida undervegs eller rett før rittstart. Dette er første gong me køyrer dette formatet.

6. STARTTID

Laurdag 23. mai:

Start nybyrjarar og vidarekomne: kl. 15:00 (NM)

Start ekspert og elite: kl. 16:30 (NM)

Sundag 24. mai:

Start nybyrjarar og vidarekomne: kl. 13:00 (NC 1)

Start ekspert og elite: kl. 14:30 (NC 1)

Oppvarming på eige område.

7. DELTAKARMØTE

Laurdag 23. mai kl. 14:30 ved sekretariatet.

Sundag 23. mai kl: 12:30 ved sekretariatet.

Obligatorisk for alle deltakarar.

8. BESIKTING

Besikting til fots fram til start begge dagar. Vis hensyn laurdag ettermiddag/sundag morgon for ombygging av seksjonane til NC 1. Takk!

9. RITTLEIAR/TEKNISK DELEGAT

Rittleiar/TG:

10. SEKSJONSBYGGJARAR

Bernt Kristiansen (arenaansvarleg), Eirik Ulltang, Vegard Fosse og Knut Fosse.

11. REGLEMENT

Konkurransen følgjer NCFs offisielle reglement for trialsykling. Hjelm er påbode, hanskar og leggbeskyttarar er anbefalt.

Det er nokre nye reglar for 2015 som er verdt å poengtere:

- Maksimaltid per seksjon er minska til to minutt, med 1 straffepoeng per 10 sekund over denne tida.
- Ein får 1 straffepoeng per minutt over totaltida på rittet.

12. PREMIAR

Premieutdeling etter Norges Cykleforbunds retningslinjer rett etter rittet (når siste deltakar er ferdig).

Pengepremiering til eliteklassen under NM (med visse forbehold).

13. REGISTRERING

Registrering for begge ritt frå kl. 12:30 til kl. 14:30 laurdag 23. mai (bruker same startnr. begge ritt).

Registrering for NC 1 frå kl. 10:30 til kl. 12:30 sundag 24. mai.

14. PÅMELDING

Påmelding:

Gå til <http://nm.biketrial.no> (uten www). Trykk på Påmelding i menyen, eller scroll ned til du finn påmeldingsskjemaet. Fyll ut alle felte, og du er med.

Startavgifter:

Påmelding online innan 18. mai 23:59: kr. 250,- per ritt/kr. 450,- for begge ritt.

Påmelding etter 18. mai og fram til registrering rittdagen: kr. 350,- per ritt/kr. 650,- for begge ritt.

Familierabatt: Syster eller bror får kr. 50,- i rabatt.

Kort eller kontant betaling ved registrering (helst kort).

15. PARKERING

Særs gode høve for parkering ved arena. Eigen parkering for deltakarar og støtteapparat.

16. SANITET

Røde Kors vil vere til stades.

17. KONTAKT

Eirik Ulltang, organisator; +47 970 22 728 / eirik@biketrial.no

18. OVERNATTING

Sjå <http://nm.biketrial.no> > Deltakarinfo. Blir oppdatert med fleire alternativ etterkvart.

19. ØVRIG INFORMASJON

Facebookevent: <https://www.facebook.com/events/785149398237002/>

Vel møtt til NM og NC 1!